



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Oversender med dette samrøystes vedtak i Fylkesutvalet - 28.08.2023:

Møre og Romsdal fylkeskommune sender innspel til Stortingsmelding om forskingssystemet slik dei er presentert i denne saka.

Saksutgreiinga følgjer under:

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
11.07.2023	96036/2023	Anna-Marie Hatlestad

Saksnr	Utval	Møtedato
	Fylkesutvalet	28.08.2023

Innspel til arbeidet med stortingsmelding om forskingssystemet

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Møre og Romsdal fylkeskommune sender innspel til Stortingsmelding om forskingssystemet slik dei er presentert i denne saka.

Bakgrunn

I Meld St. 5 (2022–2023) «Langtidsplanen for forskning og høyere utdanning 2023–2032» varsla Regjeringa at den ville legge fram ei stortingsmelding om forskingssystemet, blant anna basert på ein gjennomgang av Forskningsrådet. Arbeidet er starta opp og NO ber statsråden for forskning og høgare utdanning om innspel knytt til Forskningsrådet si rolle i forskingssystemet.

Fylkeskommunen har eit overordna ansvar for å støtte opp om forskning, utvikling og innovasjon i regionen. Vidare skal fylkeskommunen bidra til samarbeid mellom ulike verkemiddelaktørar og mellom forskingsmiljøa og næringslivet. Det er difor viktig at fylkeskommunen bidrar med synspunkt og kunnskap om forskingssystemet, og gir innspel om behov for forbetring og endring.

Frist for innspel er 1. september 2023.

Forslag til innspel frå Møre og Romsdal fylkeskommune – svar på spørsmål frå forskings- og høgare utdanningsministeren:

1. Hva er Forskningsrådets viktigste merverdi i det norske forskingssystemet?

Forskningsrådet spelar ei viktig rolle gjennom å finansiere forskning i forskingssektoren, i offentleg sektor og i næringslivet. Gjennom prioritering av

forskningsområde og konkurranse bidrar Forskningsrådet til både aktivitet, kvalitet og relevans i forskinga. I tillegg stimulerer Forskningsrådet til samarbeid på tvers av sektorar og fagmiljø både nasjonalt og internasjonalt. Dette utviklar gode nettverk og utveksling av kunnskap og kompetanse, som styrkar forskingskvaliteten og bidrar til innovasjon i offentleg sektor og næringslivet.

Frå ein regional synsvinkel er det viktig at Forskningsrådet sine prioriteringar er i tråd med regionale behov og moglegheiter. Det er difor viktig at Forskningsrådet sine satsingar har ei sterk regional forankring gjennom god dialog og samarbeid med regionane. Regionale aktørar må ha tilgang til tilstrekkeleg finansiering både gjennom Forskningsrådet, gjennom regionale forskingsfond (RFF) og gjennom nasjonale program som er retta mot spesifikke sektorar eller næringar. *Eit konkret eksempel er det strategiske samarbeidet fylkeskommunane, Forskningsrådet, Siva og Innovasjon Norge har for å arbeide med viktige samfunnsutfordringar «missions».* Skal regionane lukkast med satsinga må dei nasjonale og regionale virkemidla henge saman, og dei nasjonale og regionale nivåa må samarbeide.

2. *Hvilke funksjoner er det viktig at Forskningsrådet ivaretar i norsk forskning og innovasjon framover?*

For å nå nasjonale mål må det leggest til rette for utvikling og innovasjon der verdiskapinga skjer. Forskningsrådet må difor bidra til å identifisere og støtte forskningsområde og prosjekt som har regional relevans. Finansieringsordningane må legges til rette for forskning og innovasjon i regi av regionale aktørar innan forskning, næringsliv og offentleg sektor. Dette kan skje gjennom regionale program som RFF eller eigne program som er samordna med andre nasjonale verktøy, som ENOVA, Innovasjon Norge og SIVA.

Støtteordningar som bidrar til å utvikle regionalt samarbeid og nettverk blir viktig med tanke på å utvikle sirkulære verdikjedar og industrielle symbiosar, slik det er lagt opp til i nasjonal samhandling om realisering av «missions».

Forskningsrådet har også ei rolle i utviklinga av den regionale kompetansebygginga gjennom ordningar som støtte til stipendiatstillingar og forskarutveksling. Dette kan styrke regionale forskingsmiljø si evne til å rekruttere og behalde talentfulle forskarar og innovatørar.

3. *Nevn gjerne tre forbedringspunkt og bevaringspunkt og begrunn kort hvorfor.*

a. Betre kapasitet til å følgje opp aktørane i det regionale innovasjonssystemet

For å nå nasjonale målsetjingar om forskning, innovasjon og verdiskaping må den nasjonale politikken ta utgangspunkt i dei utfordringane, moglegheitene og fortrinna som finst regionalt. Forskningsrådet har ei viktig rolle i denne samanhengen. Dei regionale innovasjonssystema har best kjennskap om behova for forskning og innovasjon, og korleis behova endrar seg over tid. Dei regionale innovasjonssystema er difor viktige arenaer for Forskningsrådet å delta på, for å få kunnskap om korleis satsingar og verkemiddel bør innrettast. Å vere til stades i regionane er viktig for å forstå regionale behov og samarbeide tett med regionale aktørar. Forskningsrådet må difor avsette auka ressursar for å vere til stades i regionane.

b. Fleire utlysingar av innovasjonsprosjekt og raskare behandling

Ein næringsdriven og eksportintensiv region som Møre og Romsdal, må heile tida vere i utvikling, ofte med bruk av forskingsbasert innovasjon. Næringslivet må snu seg raskt og har behov for tilgjengelege, målretta virkemidlar med effektive søknadssystem og rask behandlingstid. At det tek over eit halvt år frå søknaden er sendt til ein får svar er for lenge, når vi samtidig veit at tilslagsprosenten er svært

låg. Det er aukande etterspurnad etter risikoavlasting i samband med FoU-prosjekt, og verkemiddelapparatet må i større grad kome dette i møte. Forskningsrådet bør vurdere utlysingsstrategiane slik at ressursar til søknadsskriving som ikkje gir utteljing kan reduserast. Dette gir redusert ressursbruk i Forskningsrådet som kan frigjere midlar til forskning.

c. Styrke virkemidla som mobiliserer til forskingsbasert innovasjon

Fylkeskommunane har ei viktig rolle som regional utviklingsaktør. Dei må ha spelerom og verktøy for å utøva denne rolla i samarbeid med Forskningsrådet, og med det bidra til å forsterka dei regionale systema for innovasjon og FoU. Mange innovasjonsprosessar startar med mindre FoU-prosjekt, ofte utvikla med regionale kompetansemeklarar i FORREGION-programmet.

Regionale Forskningsfond (RFF) er eit kraftfullt verktøy i arbeidet med å forsterka regionale fortrinn, og mobiliserer næringsliv og kommunar til innovasjon, omstilling og berekraftig utvikling. RFF er godt innarbeidd i regionane og viser seg svært effektivt med å mobilisera til prosjekt, der mange seinare blir vidareførte med finansiering frå Forskningsrådet og EU. Reduserte løyvingar til RFF svekkjer mobilisering og finansieringa til FoU regionalt, og dermed også nasjonalt og internasjonalt.

Auka finansiering av regionale forskingsfond er naudsynt for støtte opp om regionale FoU-satsingar. Regionale forskingsfond må få tildelt auka ressursar for å ta hand om særskilte regionale FoU-satsingar i større grad.

Forskningsinstitusjonane må også ha ei tilstrekkeleg finansiering for å kunne utføre grunnleggjande forskning og utdanning basert på deira styrke og føresetnader. Men forskinga og kunnskapsutviklinga ved høgskular, universitet og forskingsmiljø må samtidig vere relevant og komme til bruk regionalt og nasjonalt. Då blir det viktig å dyrke sterke fagmiljø der behova finst (slik det står i Langtidsplanen for forskning og høgare utdanning). Møre og Romsdal er til dømes sterkt posisjonert innanfor havnæringane, og vi er rigga for å støtte opp under forskingsbasert innovasjon på området. At Forskningsrådet er til stades i regionane er særskilt viktig for å kunna rettleie og fanga opp behovet for ny kunnskap.

4. Hvordan kan Forskningsrådet best bidra til et forskningssystem som gir grunnlag for økt fart i omstillingsarbeidet i Norge, både i næringslivet og i samfunnet forøvrig?

For å styrke omstillingsevna i Møre og Romsdal er det behov for ny kunnskap på mange område. Det kan vere utvikling av nye teknologiar, automatisering av produksjonsprosessar, kunstig intelligens, robotisering, utnytting av marine ressursar og utvikling av berekraftig fôr. I tillegg er forskning på samfunnsutvikling og utdanning viktig for omstilling både i næringslivet og offentleg sektor.

Finansiering av prosjekt som involverer samarbeidspartnarar frå ulike sektorar blir viktig for å løyse samfunnsutfordringar og utvikling av sirkulære verdikjedar. Slike prosjekt bidreg til kunnskapsoverføring og raskare innovasjon i næringslivet og offentleg sektor.

Ved å investere i tverrfagleg forskning på nye kunnskapsområde, som kunstig intelligens, berekraftig energi og sirkulær økonomi, bidreg Forskningsrådet til å sette fart på omstillingsarbeidet i næringsliv og samfunnet elles.

Brukarstyrte prosjekt er viktige for bidra til auka konkurransekrafta og vekst i regionane. Kompetanse og tilgang på arbeidskraft med relevant utdanning er viktig for omstillingsevna. Støtte til doktorgradsprogram og forskarutveksling er viktige

område for å gje regionane tilgang til forskarar og fagfolk som kan drive fram forskning, innovasjon og kunnskapsoverføring.

5. *Hvordan kan Forskningsrådet best påvirke samvirket mellom aktørene i forskningssystemet og resten av samfunnet slik at forskningen bidrar til å møte tverrsektorielle utfordringer? Er det behov for å styrke samspillet?*

Som vi har peika på tidlegare er det behov for betre samhandling mellom nasjonale og regionale aktørar. **Behovet for å samordne forskingspolitikken også mellom departementa er viktig for å nå nasjonale mål og satsingar på ulike område.** Utan ei slik samordning står ein i fare for at ulike satsingar kan vere motstridane eller konkurrerende og føre til at ressursane ikkje blir fordelt optimalt. Målet må vere å skape synergjar og ha oversikt over ulike satsingar slik at ein utviklar forskningssystemet i tråd med behova både nasjonalt og regionalt.

I OECD sin rapport frå 2022 « *Towards a new stage in Norway`s science, technology and innovation system improving the long-term plan for research and higher education* » blir det peika på at det er behov for å styrke samarbeidet mellom universitet, forskingsinstitutt og næringslivet. Det er difor behov for å utforske nye samarbeidsformer, nettverk eller klynger der universitet, forskingsinstitutt, næringsliv og andre relevante aktørar samarbeider tett for å styrke konkurransevna og takle samfunnsutfordringar. Eit verkty kan vere Pilot-E ordninga som har vist seg å vere ein effektiv måte å akselerere utviklinga av miljøvenlege transport- og energiløysingar ved å bruke innovative anskaffingar og samarbeid mellom ulike aktørar i innovasjonskjeda.

6. *Hvordan virker forskningsrådsfinansiering inn på de forskningsutførende sektorenes ledelse og styring av forskningsvirksomhet (som f.eks. karriereveier, forskerutdanning, egne strategiske forskningssatsinger og infrastruktur)? Er det behov for endringer?*

Innretning av finansieringa har stor betydning for leiing og styring av forskingsaktivitetane. Dette ser vi til dømes innanfor strukturendringane i instituttsektoren og prioritering av ulike fagområde. **Det er viktig at lokalt næringsliv har tilgang til forskingsinfrastruktur også i regionane.** Utbygging av infrastrukturen må difor spegle behov og moglegheiter for utvikling av næringslivet regionalt. Finansieringa av Forskningsrådet må vere fleksibel, slik at forskingssektoren raskt kan adressere skiftande behov i samfunnet.

Det er også behov for å sikre midlar til kommersialisering og iverksetting av forskingsresultat for å realisere verdiskaping basert på forskning. Det må difor sikrast midlar til kommersialisering og iverksetting gjennom pilotering.

7. *Hvordan kan Forskningsrådet mest effektivt bidra til å løfte forskningsområder hvor Norge har særlige fortrinn?*

Nasjonale og regionale satsingar må støtte opp under kvarandre for å hente ut Norge sitt samla potensiale. **Forskningsrådet bør vere tett på arbeidet med regionale strategiar, identifisere område der Norge har særlege fortrinn og tilpasse satsingane etter dette.**

Samarbeid på tvers av sektorar og bransjar er nødvendig for å løyse utfordringane i framtida. Det er behov for finansieringsprogram som er retta mot regionale behov og moglegheiter og som vektlegg samarbeid mellom regionale, nasjonale eller internasjonale aktørar.

For å hindre «innlåsing» i regionale miljø kan Forskningsrådet legge til rette for kunnskapsoverføring og samarbeid på tvers av regiongrenser. Dette kan til dømes vere innan sektorar som havbruk, maritim industri, marin fornybar energi, IKT, reiseliv og bioøkonomi.

Forskningsrådet kan støtte opp under utvikling av kompetanse og infrastruktur for å løfte forskingsområde der Norge har særlege fortrinn. Dette kan omfatte finansiering av stipendiatstillinger, forskingsutstyr og anna infrastruktur som er relevant for regionale og nasjonale forskingsbehov.

Satsing på SFI-ar er ein måte å løfte forskingsområde med nasjonal relevans og satsing på nye SFI-ar må halde fram og heile landet må få ta del i satsinga.

8. På hvilke områder bør vi ha nasjonale satsninger og når kan vi lene oss mer på EU?

For å best mogleg utnytte potensialet og ta marknadsposisjonar, bør det vere nasjonale satsingar på område der regionane har særlege fortrinn og kompetanse. Sett frå Møre og Romsdal kan slike område vere helseeffektar av sjømat, dyrevelferd i oppdrettsfisk, berekraftig fiskeoppdrett, skipsdesign og -utstyr og utvikling av nye teknologiar innan automatisering og digitalisering. I tillegg er det behov for forskning knytt til utvikling av sirkulære verdikjeder og industriell symbiose dersom vi skal lykkast med missions-satsinga på nasjonalt nivå.

EU har evna til å koordinere og finansiere forskning på tvers av medlemslanda for å løyse store felles utfordringar, innan område som grønt skifte, digitalisering og demografi (helse). **EU er ein viktig arena for kunnskapsoverføring og deling av beste praksis. Ved å delta i forskingsprogram og samarbeidsinitiativ får vi tilgang til internasjonal ekspertise og nettverk som bidrar til å utvikle kunnskap og innovative løysingar nasjonalt og regionalt.** EU er i tillegg ein viktig marknad og samarbeid kan bidra til å sikre tilgang til EU-marknaden både for norske bedrifter og forskingsmiljø. Internasjonal finansiering, som EU-prosjekt, kan vere avgjerande for å realisere større prosjekt og samarbeid over landegrensene. Forskningsrådet må difor bidra med betre finansiering til norske partnarar i FoU-prosjekt.

9. Hvordan bør konkurranseutsatt nasjonal og internasjonal finansiering utfylle hverandre?

Internasjonal finansiering kan realisere større prosjekt og samarbeid over landegrensene. Dette kan vere særleg relevant for komplekse tverrfaglege eller tverrsektorielle utfordringar som krev eit breitt spekter av kompetanse og ressursar. Nasjonal finansiering kan komplementere dette gjennom støtte til nasjonale aktørar og tilpasse prosjekta til nasjonale behov. Gjennom å kombinere nasjonal og internasjonal finansiering kan ein dra nytte av fleire ressursar i fellesskap, og slik legge til rette for å auke kunnskapen og innovasjonsevna både nasjonalt og internasjonalt.

10. Hvordan bør Forskningsrådet ivareta vilkår og muligheter for forskerinitiert forskning og mer politisk initiert forskning?

Forskarinitiert forskning gir rom for vitskapleg utforskning, grunnleggjande kunnskapsutvikling og innovasjon, og det kan gi opphav til uventa funn og ny innsikt. **Politisk initiert forskning** bidrar til å løyse samfunnsutfordringar, gi informerte val for politikkkutforming, og sikre at forskinga er relevant og har ein direkte påverknad på samfunnet. **Begge typar forskning er naudsynte for ein heilskapleg forskingspolitikk og ein balansert forskingsportefølje.**

Sidan det er ein diskusjon skilje mellom politisk- og forskarinitiert forskning er det behov for tydelegare grenseoppgang for å sikre relevant forskning. Det må gjennomførast ein tydelegare grenseoppgang mellom universitet og høgskular og forskingsinstitusjonane, og slik at forskarinitiert forskning og grunnforskning i størst

grad blir ivareteke av universitet/høgskular og næringsinitiert og politisk initiert forskning i større grad blir ivareteke av institutta.

Det er viktig at Forskingsrådet opprettheld støtteordningar som gir forskarane høve til å følgje forskingsinteresser og drive utforskande og nyskapande forskning. Prosjektfinansiering som støttar opp om dette er viktig for kunnskapsutviklinga og innovasjonsevna. Samtidig er det viktig at Forskingsrådet sikrar vitenskapleg kvalitet. Dette gjelder ikkje minst for politisk initiert forskning der tilliten til forskinga kan vere særskilt viktig på grunn av potensiell innverknad på politiske vedtak.

Støtte til ikkje-kommersielle forskingsområde er avgjerande for å oppretthalde forskarinitiert forskning. Forskingsrådet må difor bidra med støtte til ikkje-kommersielle forskingsområde som er viktige for samfunnet.

Økonomiske konsekvensar

Innspela vi gir har ingen økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen på kort sikt. På lengre sikt kan innspela bidra til endringar i overføringar som skal støtte opp om forskning, utvikling og innovasjon i næringslivet og offentleg sektor.

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør

Erik Brekken
kompetanse- og næringsdirektør

Vedlegg

- 1 Invitasjon: Innspill til arbeidet med stortingsmelding om forskningssystemet